


Høyringsuttale til idrettsplanen frå FAU ved Radøy Ungdomsskule

Fau drøfta framlegget til idrettsplan i møte onsdag 13. januar 2016. FAU synest planen er godt gjennomarbeida og inneheldt mange gode tankar om idrett og aktivitet på øya. Vi ønskjer likevel å peika på nokre område vi meiner det bør jobbast meir med fram mot endeleg vedtak.

1. Vi bed om at Radøy kommune i planen forpliktar seg til å oppretthalda og vidareutviklar den positive satsinga som har vore opp mot ungdomen i Radøy, og at det vert planfesta at tilbodet framleis skal vera lokalisert i området med ungdomsskulen, hall og idrettsanlegg.
2. Vi ønskjer at planen skal innehalda tydlegare forpliktelsar når det gjeldt oppretthalding av tilbodet i Radøyhallen, med særleg fokus på bassengtilbodet.
3. Vi bed om at Radøy kommune bidrar til å vidareutvikla idrettsområdet ved skulen til å gje eit meir allsidig tilbod. Det må her vera særleg fokus på dei som ikkje ønskjer å vera engasjert innan fotball. Vi vil særleg peika på behov for meir varierte planar i forslaget til handlingsprogram. Utetrampoline, klatrevegg og andre typar nærmiljøanlegg er stikkord her.
4. Vi bed om at Radøy kommune i planen forpliktar seg til at elevane i Radøy-skulen skal ha minst ein time fysisk aktivitet per dag.
5. Moglegheit til å gå og sykla til skule og fritidsaktivitetar er ein god og enkel måte å auka den fysiske aktiviteten på. Vi bed difor om at det vert tatt grep når det gjeldt trafikksikring i områda rundt Radøy ungdomsskule.
6. Sist bed vi om at kommunen vurderer å etablera ei form for støtteordning som kan bidra til at barn og ungdom frå heimar som slit økonomisk får moglegheit til å delta i idrettsaktivitet på lik linje med andre.

Mvh for FAU Radøy ungdomsskule



Atle Vaage, leiar